

Mal for omtale av kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse

1. Namn på området og kort karakteristikk

Byfjellene i Bergen

- Bynært rekreasjonslandskap

2. Områdeavgrensing, plassering (beliggenhet i Askeladden).

Frå Vetrlidsalmenning i vest til Blåmannen og Rundemanen i aust. Frå Sandviksfjellet i nord til Svartediket i sør. Sjå kart.

3. Skildring av området (maks 1 side)

Landskapet er i vesentleg grad omforma frå eit snaubeita lågfjell-landskap til skogkledt rekreasjonslandskap. Omfattande formingsgropa vart sett i verk av prominente Bergensborgarar som gjennom foreiningane «Bergens skog- og træplantingsselskap» og «Ølklubben» realiserte eit omfattande filantropisk omformingsprosjekt i byfjella i dei siste tiåra av 1800-talet, med bakgrunn i idear om natursvermeri og folkehelse. Dei viktigaste verkemidla Træplantingsselskapet nyttar i prosjektet etter stiftinga i 1868, var skogplanting og bygging av turvegar i store, bynære utmarkseigedomar dei planmessig tileigna seg i tiåra etter stiftinga. Det kom forbod mot sau og geit i byfjella i 1878.

Det er oppretta store, varierte plantefelt med parkpreg over det meste av landskapet som ikkje er berg og skrent. Plantinga er variert og tilpassa terrenget og jordsmonnen, med heimehøyrande artar jamsides eksotiske artar. Store deler av fjellmassivet er skogkledt, og nokre av dei største trea i landet skal stå i byfjella.

Frå byen er det anlagt turvegar inn i det opparbeida skoglandskapet, frå Fjellveien, Vetrlidsalmenning, Forskjønnelsen, Svartediket og Sandviken. Det samla turvegsystemet er omfattande, og har steinstrukturar av imponerande storleik og ei utstrekning på 25 km. Ut frå vegsystema går det stiar over heile fjellet, og både vegen og stiar er supplerte med lys, benkar og tilrettelagde rekreasjonslokalitetar. Vegane leier til fokuspunkt i landskapet, som hytter på fjelltoppane, utsiktspunkt, vatn med utbygde rasteplassar, lagshytter, idrettsplassen Skansemøyren og kulturminne av ulik art. Opplevinga i landskapet varierer mellom små, intime landskapsrom og storslegne utsyn med vid horisont, ofte ved bratte skrentar.

Den elektriske kabelbana Fløibanen vart opna i 1918, og er ein vertikal struktur som saman med Øvre stasjon og Fløifjellsrestauranten er eit blikkfang som gjev meirverdi til det opphavlege filantropiske prosjektet.

4. Fastsetting av landskapskarakter:

Byfjellene i Bergen er eit bynært rekreasjonslandskap. Det tidligare snaue utmarks-, myr- og beitelandskapet er sidan 1868 omforma til eit skogkledt parklandskap ved planlagt skogplanting, utstrakt vegbygging og anna tilrettelegging for rekreativ ferdsel utanom bysentrum. Plantinga er variert og tilpassa terrenget og jordsmonnen, med heimehøyrande artar jamsides eksotiske artar. Store

deler av landskapet er skogkledt. I landskapet er det bygd omfattande veganlegg som fleire stader er imponerande fysiske strukturar. Veganlegga fører til utsynspunkt, rasteplassar, lagshytter, idrettsanlegg og tilrettelagde rekreasjonslokalitetar. Kabelbana Fløibanen med bygningsmiljøa ved Øvre og Nedre Stasjon er eit vertikalt element som bind landskapet til byen.

5. Nasjonal interesse. Grunngjeving for at området er av nasjonal interesse

Byfjellene i Bergen er i nasjonal samanheng eit framståande og i sjeldan grad gjennomført døme på eit bynært rekreasjonslandskap som sprang ut av nasjonalromantiske førestillingar, og visjonar om folkehelse, som vaks seg sterke mot slutten av 1800-talet. Fløibanen opna i 1918, og Fløien Folkerestaurant i 1925. Dei er tidstypiske element som er sjeldne i nasjonal samanheng, og gjev meirverdi til rekreasjonslandskapet. Omforminga av landskapet til rekreasjonslandskap er sjeldant omfattande, tidstypisk og historieforteljande i nasjonal samanheng. Byfjellene har høg strukturell autentisitet og stor opplevings- og bruksverdi.

6. Råd om sårbarheit, tålegrenser, forvalting

Sårbarheit og tolegrenser:

Landskapet toler marerielle utskiftingar og endringar i detaljar, men er sårbart for større materielle endringar i veganlegga. Det er sårbart for strukturelle endringar, og for minking av løyvingar til skjøtsel. Rekreasjonslandskapet toler i liten grad privatisering.

Forvaltning:

Byfjellene er forvalta gjennom Bergen kommune sine forvaltningsplanar for Byfjellene.